

Møtereferat

Møte: Møte AU Nord-Norge
Tid/Sted: Onsdag 17. - torsdag 18. august på Scandic Karasjok
Tilstede: Bernt Mikalsen, Pål Ove Wika, Merethe Sund, Ragnhild Engan, Endre Østbø, Svein Slåtsveen, Fred Tore Fagereng, Teig Madsen og Svein Inge Jakobsen
Forfall:
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 19. august 2016

Sak nr.	Emne	Ansvar
---------	------	--------

1	Orientering frå styret	
---	-------------------------------	--

Teig ynskjer for seinare konkret førespurnad på tema som AU vil ha informasjon om.

På styremøte i neste veke skal konsernrapport pr juni behandlast. Orienterte vidare om totalmarked pr august. 1 200 tonn lam og 500 tonn sau på reguleringslager. Trass i frysefrådrag er lite volum tatt ut. Dialog om reduksjon på Islandskvoten. På fredag planlagt møte for heile verdikjede sau i Nortura for å planlegge tiltak.

Gris: 2 600 tonn på reguleringslager, salet er 1 % lågare i 2015. Tilførslane 4 % høgare, skuldast auka effektivitet. Ribbetiltaket er sett i verk, for å sikre norsk ribbe til jul. Eksportkvota vert utnytta maksimalt.

Egg: Høgare sal enn forventa, også i sommar. Reguleringslager og lager av eggprodukt lågt. Faktisk behov for import av 400 tonn i løpet av hausten. Etablering av nye produsentar, i fyrste rekke hos konkurrent. Større etterspurnad etter egg frå frittgåande system.

Spørsmål/kommentarar:

- Spørsmål om kvifor lam på 18-19 kg ikkje er betre betalt, når det er dette marknaden ynskjer?
- Produkt i ønska vektklasse burde vore belønna med pris.
- Forståing for tidleg levering i år, men dersom vi kjem att neste år med større innstrammingar vert det tøffare å få med leverandørane. Forventning om tiltak for auka sal. Konkurrent brukar Nortura sine tiltak mot oss.
- Er det utarbeidd t.d. 5-års prognose på tilførslar av lam?
- Problemet for sau/lam er redusert sal. Kritikkk for at det ikkje finnast lam i butikk. Må verte tydelegare direkte marknadsføring til forbrukar at det finnast lam, for å legge press på kjedene.
- Kan vi verte endå sterkare på kjedespesifikke produkt, for å fase ut EMV meir?
- Har Nortura vurdert reaksjonen frå Konkurransetilsynet til Norsvin på svinedugnaden?
- Aktuelt for kyllingprodusentar i omstilling å legge om til eggproduksjon?
- Nyetablering på egg hos konkurrent er vel konsentrert til geografiske område?
- Nye produsentar på egg etablerer vel frittgåande? Dei fleste husa med bur er frå ca 2010, finnast det anna bruk av innreiinga? Balansegang for Nortura å produsere kjøtfrie produkt, vil gå ut over forbruk av kjøt.
- Forslag om å lage informasjonsvideo til Min Side for å forklare viktige saker, t.d. om prisløype lam. Tilsvarande som vart gjort til kretsmøta.

Teig svarte og kommenterte.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

2 **Planlegge RU-møtet 08. – 09.11**

Brit Kari la fram skisse til køyreplan. Forslag om at årsak og verknad av Nord-Norge trekket vert eit tema.

Innspel:

- Marknadssituasjon småfe: Foreløpig oppsummering, har tiltaka hatt effekt
- Tema om trendar/forbrukarvaner for kjøttforbruk, kva har skjedd, kva trur vi vil skje?
- Be RU melde inn saker til dei separate møta for dyreslaga på førehand
- Premiering av mest aktive kretsutval
- Vurdere Nortura-materiell til utdeling i møtet

Vedtak: Administrasjonen planlegg RU-møtet basert på innspela frå AU.

Brit Kari

3 **Planlegge kretsmøter 2017**

AU føreslo 2-dagers fylkesvise fagsamlingar for RU, men fekk inga unison støtte. Kva gjer vi?

Innspel:

- Prøve Finnmarksmodellen også i Troms og Nordland, saman med FK. Prøve å nå dei som ikkje er Nortura-medlemar.
- Truleg nok 2-dagers møter.
- Dei med lang reiseveg får størst reisekostnader.
- Prøve å få til felles kretsmøter i nokre aktuelle kretsar.
- Brit Kari prøver å gjennomføre fellesmøter i dei aktuelle kretsutvala i løpet av hausten.

Vedtak: AU ynskjer at nokre kretsar har felles kretsmøte. Administrasjonen jobbar vidare med det.

Brit Kari

4 **Informasjon frå Medlem og Drift**

Svein Inge orienterte om tiltak som er planlagt basert på tilbakemeldingane i Medlemspanelet. Vegagris: Fått avslag på Spesialitetsmerke. Lansering i veke 42. Polarlam: ca 100 tonn, mot 80 tonn i fjor. Leigeslaktavtale: Finnmark rein rapportert oss til Konkurransetilsynet pga av at vi leigeslaktar for fleire, er til vurdering.

Spørsmål/kommentarar:

- Tilførselsbesøk av kretstillitsvald aleine er vanskeleg, bør ha med nokon frå adm
- Viktig å verte møtt med god service, t.d. hos ekspedisjonen i Harstad
- Lage "smørbrøddliste" for kven kretstillitsvalde skal ta kontakt med ved arrangement

Brit Kari

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

5 **Oppnemne ressursgruppe egg**

Svein la fram forslag til ressursgruppe egg.

Vedtak: AU vedtok ressursgruppe egg.

6 **Innspel til Råvare & Medlem sin handlingsplan for 2017**

Vert utsett til neste AU-møte. Administrasjonen jobbar vidare med tiltak basert på tilbakemeldingane i Medlemspanelet.

7 **Orientering frå fagutvala**

Merethe orienterte frå fagutval gris. Hadde siste møte i mai, nytt møte i byrjinga av september. Overskotssituasjon, dessverre måtte svinedugnaden trekkast pga Konkurransetilsynet.

Svein orienterte frå fagutval egg. Hadde også siste møte i mai. Gått frå overproduksjon til balanse. Rom for nokre nye produsentar. Nytt verktøy i Eggkontrollen.

Ragnhild orienterte frå fagutval småfe, har ikkje hatt møte sidan januar. Min Side og berekningskalkulator, samt heftet Lammesesongen har vore jobba med i det siste. Finn Avdem flink til å sende ut materiell og plansjar. Planlagt møte i oktober.

Fred Tore orienterte frå fagutval storfe, som hadde siste møte i juni. Tema då var jordbruksoppgjeret og nytt kvalitetstilskot, nye temaark under produksjon, pris på kalv og fôringsdyr, konkurransesituasjonen. Møte i neste veke, samt i oktober/november. Fellesmøte med Geno.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

8 Eventuelt

- Pål Ove ynskjer å delta på Den Nordnorske styredagen: Styrekurs i Mo i Rana 14. september.
- Svein: Produktforslag: Pølser med grønnsaker, basert på at det er komplett måltid.
- Merethe ynskjer å delta på Gris i 2016. Sjekkar med fagsjef for deltaking frå fagutvalet.
- Brit Kari sender ut møteinnkallingar. Tlf møte 26.10 utgår. Møtestart 07.11 kl 14.